



Vår saksbehandlar:
Anne-Beth Njærheim

Direkte telefonnr.:
53 42 30 58

Vår dato:
28.09.2011
Dykkar dato:
05.07.2011

Vår referanse:
2009/1282-134.922290/2011
Dykkar referanse:

Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartement
Postboks 8011 Dep.
0030 Oslo

Høring - Samhandlingsreformen - forslag til forskriftsendringer og nye forskrifter som følge av Prop. 91 L (2010-2011) Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester

HØYRINGSUTTALE

- SAMHANLINGSREFORMA – FORSLAG TIL FORSKRIFTENDRINGER OG NYE FORSKRIFTER SOM FØLGE AV PROP.91L (2010-2011) LOV OM KOMMUNALE HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedtatt i Bømlo kommunestyre 26.september 2011


Bømlo kommune vurderer at framlegg til nye forskrifter og endringar av forskrifter i samband med innføring av nytt lovverk frå 01.01.2012 gjev eit godt grunnlag for å møte framtidige utfordringar. Kommunen har følgjande merknader:

1. Bømlo kommune vurderer frist på 24 timar for varsling til kommunane som nyttig og nødvendig. Bømlo kommune vurderer det som avgjerande med gode samarbeidsavtalar mellom helseføretak og kommunane. Arbeidet med revisjon av samarbeidsavtalane i samsvar med nytt lovverk er pågåande, og må m.a. ta med korleis handtere 24 timars regelen. Ein føreset god dialog mellom helseføretak og kommunane ved utvikling av samarbeidsavtalar.
2. Bømlo kommune vurderer at dagens reglar for disponering av kontantytningar fungerer godt. Endringar som det er gjort framlegg om kan medføre ein del praktiske utfordringar. Det vert lagt opp til høve for å delegera disponering av midlar vidare til institusjon ved fullmakt og avtale. Bømlo kommune tilrår likevel at ein ikkje opphevar forskrifter om institusjonars disponering av kontantytningar. Alternativt at det vert utarbeida felles forskrift som vidarefører og betrar dagens praksis, der ein aktivt både skal informere om og legge til rette for at pårørande/verje skal kunne disponere kontantytningar der det er ønskjeleg.
3. Bømlo kommune si vurdering er å vidareføra ordninga med felles trivselsordning, og at det bør vere høve til at den enkelte pasient/bebuar, eventuelt ein rep. for vedkommande, sjølv kan avgjere å delta i ordninga. Sjølv om pasientar/brukarar på sjukeheim er "sjukare" no enn før, er det kanskje enda meir behov for tiltak som kan vere med å heve livskvaliteten og gi kvardagen eit variert innhald, jamfør ny folkehelselov.

4. Bømlo kommune sluttar seg til at helsepersonell lova sine reglar om dokumentasjonsplikt ikkje bør gjelde for personell som yt tenestar som etter lov ikkje er å sjå på som helsetenestar. Bømlo kommune er samd i den vurderinga som er gjort at det først bør utarbeidast særskilt tilpassa reglar om journalføringsplikt for denne gruppa.
5. Bømlo kommune merkar seg endringar i forskrift om individuell plan, herunder endringar for koordinatorfunksjon og forskrift om habilitering og rehabilitering. Endringar styrkar arbeidet med fokus på samhandling og koordinering av tenestetilbod til brukarar, og fremjar god kvalitet. Det skal samstunders merkjast at dette vil vere sers krevjande å gjennomføre utan tilføring av ressursar til å følgje opp dette i praksis, samt vurdering av organisering av dette tenesteområdet i kommunane.

Med helsing

BØMLO KOMMUNE


Kjell Magnar Melesdal
Kommunalsjef